

KONTAKTBLAD FOR HJARTDAL Nr.34 Nov. 2002 13.årg.

HISTORIELAG



Skuletur 2002

9.klassingane frå Sau-land skule hadde i haust ein tur for å gjere seg kjende i Bondal. Her er nokre av dei fotograferte utanfor den restaurerte skulestova i Bondal. Elles på programmet sto sjølvsagt besøk på museet til Øystein Bondal, tur til Bonsnås og orientering om kulturlandskapsarbeidet.

Finn slekt
på internett

Ny utvandringsbok frå Anne Haugen Wagn



Årsmøtet
2002

Fotoutstillinga plassert på
museum i Tuddal

Halvor
Sisjord
på
internett

Halvor H.Sisjord er nå tilgjengeleg for alle

Boka til Halvor H.Sisjord blei som annonser ferdig i tide til slåttefestivalen, og salget er godt igang.

På www.hjartdalhistorielag.no er ein liten presentasjon av boka og forfattaren. Alle har vel skaffa seg boka nå, men der er også

mulighet for å høre Halvor lese eit par av dikta sine. Du lastar ned ei .mp3-fil og du må kanskje ha eit lite gratis avspelingsprogram for å kunne hør fila. (Dette vil nokon yngre i familien kunne hjelpe til med om nødvendig. Det er same teknikken som blir brukt til å distribuere musikk meir og mindre lovleg over nettet).

Eksklusivt postkort

På samme måten som Gaustatoppen måtte gje tapt i konkurransen om å bli Norges nasjonalfjell, måtte dette prospektkortet gje tapt i Dagbladets kåring av landets styggaste postkort. Men bildet av Tuddalsbussen blei iallefall nominert :-)



BUSSEN: – Dette postkortet trenger egentlig ingen kommentar, sier Nina. Ikke overraskende er det kjøpt på Trafikanten og viser Øst-Telemarks Automobilselskaps H-8015 på ruten Sauland-Tuddal 2. mars 1968.

Kopiert frå Dagbladet

Fotoutstillinga vel plassert i Tuddal

Vi må vedgå at vi ikkje hadde heilt klare planar for etterbruken av fotoutstillinga som sto i Sauland sommaren 2001. Ei så stor investering med så vellukka resultat måtte jo komme fleire til gode, så fleire idear til dette var og er under arbeid. Det har nå vist seg at ved innflyttinga i nybygget til Tuddal bygdetun, så har bilda fått plass, og dei kjem svært bra til sin rett slik dei nå er plasserte der. Dei har fått all veggplassen pluss litt



meir i «Einarshall» saman med mange av bygdetunets klenodier.

På denne måten er dei tilgjengelege heile sommaren både for turistar og fastbuande. Som det ser ut nå, vil dei også bli hengande neste sommar.

Dette hindrar likevel ikkje at utstillanga er tilgjengeleg for dei som har idear om å setje henne opp over kor-tare eller lengere tid andre stader. Det er bare å bli enig med historielaget og bygdetunet om dette.



Inger Elisabeth Raastad har vist bildene og resten av bygdetunet til mange besøkande i sommar

Olav J. Øygarden in memoriam


av Trygve Nes

Flere Hjartdøler av eldre årgang er gått bort dette året. Olav J. Øygarden er blant dem. Siden han var en god bidragsyter til kulturen i Hjartdal er det passende med noen ord i HHL kontaktblad.

Ekte Hjartdøl må en kunne si Olav var da han ble født i Øygarden 7. mars 1914 som den yngste av en søskjenflokk på fem. Både faren Johannes Hagen og mora Bergit (født Århus) kunne vise til mange slektsledd i Hjartdal. Johannes og Bergit kjøpte Øygarden i 1900.

Olav skulle komme til å tilbringe arbeidsdagen i Hjartdal. Jordbruket var viktigste og eneste næring for de aller fleste Hjartdøler i de tider. Ny jord ble dyrket og i tillegg ble flere bureisingsbruk satt i gang i Hjartdal på 1930 tallet. Også i Øygarden var det mye å gripe tak i, sammen med faren og broren John arbeidet Olav med nydyrkning i Øygarden. Flere tusen lass med stein ble trillet bort for å lette gårdsdrifta. Olavs tre søstre reiste tidlig ut og broren John overtok etterhvert Øygarden. Det var planen at Olav skulle ta bureising på Lindem, en husmannsplass som lå nedenfor hjemstedet. Men likevel ble han i alle år boende i Øygarden sammen med broren. Låven i Lindem som er fra 1700-tallet, ble senere flyttet til Heddal bygdetun.

Olav Øygarden tok i korte perioder



arbeid utenom Øygarden. Noen år var han med mølleren Gunleik Hovdejord (søndre) på Hjartdal bygdemølle, og på tømmerhogst for Dølen, Flatland og Moen. På femtitallet var han med på Hjartdøla utbygginga - ryddet bla. skogen rundt Skjesvatn. En kort stund prøvde han tømmerhogst i Lisleherad.

Etter at John døde i 1975 ble Olav alene i Øygarden. Med litt hjelp i onna fra slekninger på Notodden livberget han seg og baserte gården på høyavl for salg.

Likevel er det skribenten Olav Øygarden de fleste vil minnes i ettertid. Etter folkeskole og framhaldsskole gikk han Kviteseid folkehøgskole i 20 års alderen, et opphold han senere hadde god nytte av. Etter hvert gjorde Olav seg bemerket med sine artikler. Således føyde han seg godt inn i rekken av forfattere som allerede var godt kjent i Hjartdal på den tid; det er nok å nevne

Olav Uvås, Ambros Dølen, Johannes Særsland og Aanund Hardang som på ulike måter skildret bygda i lokalavisene.

Olav var redaktør av den handskrevne avis "Hjartdølen". Fra siste halvdel av 1930 åra leverte Olav artikler til avis Telen på Notodden. I etterkrigstida var han ordstyrer av serien "Kveldskubben brenn" som hadde stoff fra Hjartdal. Utover i 1950-60 åra skrev han under pseudonymet Fjell Finn. Artiklene og stoffet fra Olav J. Øygarden var preget av nasjonale verdier, og nynorsk var et naturlig språk, men i motsetning til andre som skrev på den tid var han lett i formuleringen. Lokalhistorisk vinkling var det på mye av det han leverte. Ellers må en vel si han hadde evnen til å legge det lille *ekstra* i uttrykksformen, i flere av hans fortellinger hviler et romantisk preg. Spesielt hans stykke om neddemminga av Skjesvatn var rørende. For denne fikk han takkebrev fra Olav Rui i Tuddal. Noen dikt ble det også i løpet av åra.

Selv om Olav for det meste skrev i Telen, var han ofte å finne i Varden og av og til i TA, Nationen samt Spelemannsbladet.

Da Telen skulle åpne avdelingskontor i Bø, fikk Olav tilbud fra redaktøren, Erling Storeng, om å betjene kontoret der. Men, etter eget utsagn våget han ikke det.

Interessen for nasjonalmusikken innen familien var stor. Både broren John og Kjetil Flatland (nevø på mellom Særslund) spilte fele. Det

samme gjorde svogerens Kjetil Evensen, sønnene Johannes og Thorleif på Notodden fører fremdeles arven videre.

Ellers må nevnes at Olav var med på motstandsarbeidet. Tok blant annet imot slepp på Mælefjell.

I etterkrigstida og fram mot 1960 var Olav medlem av Hjartdal sogenemnd. Arbeidet med soga stod stille disse åra i mangel av forfatter. Men sogenemnda med Dr. Hytta i spissen møttes dann og vann. Ifølge Olav gikk mye av tida med til å kikke på materialet etter Reisjå.

Omkring 1960 hadde Olav et lengre opphold i Amerika der han besøkte søstera Anne Våle som hadde utvandret på 1920 tallet.

I senere år opptok lesing mye av tida til Olav. Han pløyde gjennom utallige verk han lånte på biblioteket i Hjartdal.

Om Olav Øygarden må en kunne si at han hadde et behagelig vesen som gjorde at han ikke kom i konflikt med andre. Ellers må en innrømme at han nok var makelig anlagt og sjeldent forhastet seg. Som de fleste av hans generasjon var han forsiktig med bruk av penger.

God helse må en kunne si han hadde, like til for noen få år siden gikk han ned til handelsmannen for hente matvarene han trang. Men, de siste åra ble nok tyngre. Etter jul d.å. måtte han til sykehuset og etterpå tilbrakte han noen uker på aldershjemmet i Sauland før han døde 14. mars nesten 90 år gammel.

Ny bok frå Anne Haugen Wagn

Boka handlar om telemarkingars liv og lagnad i Amerika. Her er soga om det første utvandrarføljet frå Austlandet, som reiste frå Tinn i 1837. Du kan lese om pionerkvinnene Gro Einungbrekke og Mari Levorson, og om brevskrivarane Olav Trovatten og Hans Gasman som påverka til at mange telemarkingar valde å emigrere. Vanskelege reisevilkår og tøffe leveforhold førte til sjukdom og død. I boka finst levande skildringar der telemarkingar fortel om strabasiøse reiser og harde le-vekår. To brør av Henrik Ibsen blei innvandrarar til Amerika, lagnaden deira er fortald i boka. Minst 500 telemarkingar deltok i den amerikanske borgarkrigen – les dei dramatiske sogene der soldatane sjølv fortel om opplevingane sine. Somme telemarkingar gjorde det bra som forfattarar i USA – Jon Norstog, Knut Wefald og Nils Rønning er blant dei som er nemn-

de i boka. Telemarkingar markerte seg innanfor felespel, bilettekst, rosemalning og treskjering, boka presenterer dei viktigaste utøvarane i Amerika.



Kva kan ein så sjå av telemarkskultur i USA i vår tid? I eit kapittel kan du lese om spora etter Telemark, slik forfattaren av boka har sett og opp-levd dei på reisene sine i Midtvesten. Boka har engelske samandrag etter kvart kapittel, samt bilettekstar på engelsk.

Anne Haugen Wagn (1952) er busett på Notodden. Ho er lektor i historie og tilsett ved Notodden vidaregåande skule. Anne Haugen Wagn har over mange år skrive artiklar og bøker med lokalhistorisk innhald.

Tilbodspris til medlemmer i Hjartdal historielag; 280,- kr (inkl. porto)

*Bestill boka hos
Anne Haugen Wagn,
Solskinnsvegen 8,
3684 Notodden
Tlf.:350 11 120*

Epost: AWAGN@ONLINE.NO

Hans Skeie

(3.10.1914 - 21.7.2002)

I sommar døydde Hans Skeie. Han var fødd på Skeie og levde der som gardbrukar mesteparten av livet. Ein periode budde han i Oslo der han arbeidde på ein snikkarverkstad. Han var utdanna ved Telemark landbruksskule på Søve og hadde i tillegg eit år på folkehøgskulen på Sagavoll. Dessutan gjekk han den tradisjonelle Snikkarskulen i Hjartdal som var eit kjærkomment vidaregåande skuletilbod i bygdene våre i den tida.

Hans hadde stor sans for kunsthandverk og dreiv først og fremst med rosemalning, men også litt med sølvsmedarbeid og knivmakeri. Musikk var også ei interesse, og han var med i styret for Hjartdal musikkorps dei første åra

Her vil vi først og fremst minnast han for at han var ein av stiftarane av Hjartdal historielag og med i styret mange år frå starten.

Historieinteressa hadde han i alle år og var ei drivkraft også i Hjartdal museumslag. Han var fornøgd når han kunne ta seg tid til å lese historie. Krigshistoria interesserte han mest - og så Snorre. Han kunne store delar av desse gamle kongssogene på rams.

Frå årsmøtet 7.5.2002:

Årsmeldinga blei godkjent etter eit par justeringar i høve til den som var trykt i kontaktblad 33. Det hadde vore tre styremøte istadenfor eitt, og ein vellukka tur til Bondal med ca 20 deltakarar 23.juni måtte sjølv sagt også vere med i oversikten over siste årets tiltak og aktivitetar.

Regnskapet blei godkjent, og valget enda med gjenvalg av alle. Men Torkel Hytta ville gjerne vere friteken frå formannsvervet. Styret fekk derfor fullmakt til å utnemne ny formann.

Valgresultat:

Torkel Hytta (Førebels formann)

Ivar T.Dahl (Nestformann)

Leif Skoje (Kasserar mv.)

Britt Ingjerd Hjartsjø (Sekretær)

Øystein Åsen

Aslaug Langåsdalen

Anne Tone Larsen (Vara)

Astrid Espelid (Vara)

Anne Haugen Wagn (Vara)

Valgkomite:

Finn B.Andersen

Olav Særslund

Massevis av lokal slekt på www

Jackie Hufschmid i Wisconsin presenterer på internett mykje av slekta etter Kjetil Gunleikson Omnes som levde i Sauland på 1500-talet (Hjartdalsoga II s.497).

Du finn dette på <http://www.rootsweb.com/~wijuneau/kjetilgun/>

Her finn ein ca 1500 namn, svært mange av dei frå bygdene i vårt distrikt, og sjølv sagt mange i Amerika. Det er greit å finne fram sjølv om det kan ta tid. Den beste måten er å finne registeret over etternamn (surname list) og starte der.

Den som kjenner til bruken av slektsprogram, kan laste ned alt på såkalla gedkom-fil til eigen datamaskin og bruke alt samman med sine eigne slektsdata (Bruk f.eks. programmet «Brother's Keeper. Sjå kontaktblad nr 32)


Kontingenten 2002

BANKGIROEN SKAL LIGGE I BLADET



Hugs å skrive namnet ditt på giroen!

Betal helst før 15.desember!



HJARTDAL HISTORIELAG

Formann: Torkel Hytta, 3692 SAULAND Tlf.: 350 23 150 to-hy@online.no

Kontaktblad- og web-redaktør: Leif Skoje,

3692 SAULAND Tlf.: 350 23 011 lkskoje@hotmail.com

Internett/web-adresse: <http://www.hjartdalhistorielag.no>

Bank: Hjartdal og Gransherad sparebank: Kontonr.: 2699 07 04332

*Bladet blir sendt alle medlemmer.
Bruk gjerne stoff frå bladet, men oppgje kjelde.
Vi vil gjerne at medlemmene skriv i bladet.*